



## Notat

Dato: 05.01.2017  
Arkivsak: 2016/9494-15  
Saksbehandlar: maraskv

---

**Til:** Ronny Skaar

---

**Frå:** Marianne Ose Askvik

---

### **Kapellmeister og husband til UKM-festivalen i Hordaland 2017. Vurdering**

#### **Innleiing**

Hordaland fylkeskommune har det overordna ansvaret for UKM i Hordaland og er ansvarleg for gjennomføringa av UKM-festivalen i Hordaland. Under UKM-festivalen i Hordaland 2017 vil Hordaland fylkeskommune tilby deltakarane moglegheita om å spele med eit profesjonelt husband. Moglegheita for å spele med husbandet vil verte opna for både dei som speler i eit mindre band, og dei som optrer aleine på scena. Ein har tidlegare opplevd at mange UKM-deltakarar står aleine på scena med playback og ein vil styrke deira oppleving på scena ved å tilby dei eit profesjonelt band å spele med. Å kunne spele i lag med profesjonelle musikarar vil kunne gi ein endå betre oppleving for UKM-deltakerar.

Under UKM-festivalen i Hordaland 2016 var det fyrste gong at Hordaland fylkeskommune prøvde ut dette som eit tilbod til deltakarane. Tilbakemeldingar frå dette var svært positive, både frå deltakarar og lokalarrangørar.

UKM Norge tilbyr deltakarane å spele med husband under landsfestivalen, og fleire andre fylkeskommunar nyttar dette som eit tilbod til deltakarane under sin fylkesfestival i UKM. På landsnivå er det nokre kommunar som tilbyr dette under sitt lokale UKM-arrangementet, deriblant UKM Nordhordland.

#### **Førespurnad under nasjonal terskel**

29.november 2016 sendte Hordaland fylkeskommune ein invitasjon til fire musikarar om å delta i konkurranse om anskaffing av ein kapellmeister og husband til UKM-festivalen i Hordaland for 2017.

Ein av desse musikarane, Erik Halvorsen, sendte inn eit tilbod til denne førespurnaden, og dette vart sendt inn innan fristen som var 16.desember kl.12:00.

Ein annen av dei inviterte musikarane sendte inn ein e-post utan vedlegg og vart difor avvist ettersom det ikkje låg noko tilbod til vurdering i e-posten. Dette vart oppdaga etter tilbodsfrist var gått ut og den aktuelle musikaren vart kontakta vedrørende dette per telefon.

#### **Vurdering av innsendt tilbod**

Leverandøren/Kapellmeisteren skulle i sitt tilbod presentere eit husband til UKM-festivalen i Hordaland 2016. Presentasjonen skulle innehalde namn på valte musikarar til husbandet, samt kvalifikasjonar til musikarane i husbandet.

Erik Halvorsen viste i sitt tilbud til gode kvalifikasjonar og eit godt engasjement for UKM. Under UKM-festivalen i Hordaland 2016 var det Erik Halvorsen som vart valt som kapellmeister for husbandet og i sitt tilbud har han valt ut dei same musikarane som deltok i husbandet i 2016.

Når det gjeld pris, var det i invitasjonen teke utgangspunkt i Musikernes Fellesorganisasjon sitt «Frilans smartkort». Hordaland fylkeskommune har følgjande honorar å tilby dei involverte i husbandet:

Honorar per person per dag (28.-30.april): **5600 kroner**

Honorar til kapellmeister per dag (28.-30.april): **7 100 kroner**

Honorar per person per øvingstime: **600 kroner**

Honorar til kapellmeister for eiga arbeid per time: **600 kroner**

I sitt tilbud har Erik Halvorsen nytta desse satsane. Han har teke utgangspunkt i tal på øvingstimer som vart nytta til arbeidet i 2016, i tillegg til kapellmeister sin tid knytt til kontakt med deltakarar og skriving av noter. Med to framsyningsdagar er estimert totalsum 76 600 kroner. Totalkostnad vil avhenge av kor mange deltakarar som vil nytte tilbudet. Dersom det er fleire deltakarar i 2017 som vil nytte dette tilbudet enn det var i 2016, kan det vere naudsynt med fleire øvingstimer for husbandet og fleire timer for kapellmeister sitt arbeid.

### **Val av kapellmeister og husband under UKM-festivalen i Hordaland 2016 - konklusjon**

Anskaffinga av oppdraget som kapellmeister og husband under UKM-festivalen 2016 har ein samla verdi på under 100 000 kroner som er under nasjonal terskel. Saka skal difor handsamast etter del I i forskrift til lov om offentlege anskaffingar. Fire aktørar har fått førespurnad om tilbud til dette oppdraget, der ein aktør sendte inn tilbud til vurdering.

Tilbudet viser til svært god kompetanse (kvalitet), relevant erfaring og levering blant kapellmeister og musikarane i presentert husband. I tillegg til å ha erfaringa som husband under UKM-festivalen i 2016, har både kapellmeister og dei andre i presentert husband utført liknande type oppdrag fleire gongar tidlegare. Kapellmeister og musikarane i presentert husband har god erfaring med å gi unge og uerfarne utøverar ei trygg ramme på ei scene.

For gjennomføringa av kapellmeister og husband under UKM-festivalen 2017 vil det vere eit trygt val for Hordaland fylkeskommune å inngå avtale om samarbeid med Erik Halvorsen.